

Merknadsoppsummering frå 1. gongs høyring og offentleg ettersyn m/ kommentarar

Plan: Detaljregulering sentrumsskule Sykkylven, Sist revidert dato: 24.01.2020

Merknad frå	Merknadens innhald	Kommunens kommentar
Møre og Romsdal fylkeskommune (FK)	<p>Planfagleg</p> <ol style="list-style-type: none">FK finn ikkje at kommunen har gjort sluttvedtak om kommunedelplanen frå 2010 om plassering av skuletomt på Bakkeøyane (O6) som Fylkesmannen trekte motsegna til. Området framstår som LNF. <p>Samfunn og næringsutvikling</p> <ol style="list-style-type: none">Planområdet er mindre sett i forhold til opphøveleg forslag. FK meina dette er eit godt grep og i trå med å bygge ned minst mogleg dyrka jord. <p>Kulturminne frå nyare tid</p> <ol style="list-style-type: none">FK rår til at staurløa frå 1800 talet blir teke vare på og restaurert til ny bruk for å hindre tap av kulturminne i fylket <p>Barn og unge</p> <ol style="list-style-type: none">Positivt av barn og unge er involvert i planprosessen med til dømes spørjeundersøkingar, teiknekonkurranse og gruppearbeid med elevråda.	<ol style="list-style-type: none">Fylkesmannen trekt motsegna knytt til lokalisering av skuletomt (O6) den 03.09.2013 med bakgrunn i kommunestyret sitt vedtak 04.02.2013 om å gå for Bakkeøyane som skuletomt. Sidan motsegna vart trekt anser kommunen O6 området på Bakkeøyane som ein del av den vedtatte planen frå 2010. Det vart ikkje laga oppdaterte plankart etter at motsegna vart trekt. Difor ligg skuletomta på Bakkeøyane som LNF-område i gjeldande kommunedelplan. I rulleringa som er i sluttfasen er området tatt inn som «offentleg og privat tenesteyting»Takast til vitandeDet blir ikkje eit krav i planen at staurløa skal takast vare på/settast i stand i eller utanfor planområdet, men føresegna blir formulert slik at intensjonen er at staurløa kan takast vare på. § 10.6 i føresegna er omformulert til: <i>«Før bruksløyve til skulen eller skulen sitt uteareal må staurløa enten settast i stand innanfor planområdet eller fjernes frå skuleområdet. Om den fjernes frå skuleområdet bør staurløa settast opp att annan stad for å hindre tap av kulturminne.»</i>Takast til vitande
Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FM)	<p>Natur- og miljøvern</p> <ol style="list-style-type: none">Det er tatt tilstrekkeleg omsyn til vassdrag og elvemusling i reguleringsplanen. Nøgd med at innspela er sikra i plankart og føresegner.	<ol style="list-style-type: none">Takast til vitandeFølgjande er tatt inn i føresegna § 10.7, basert på dette rekkjefølgjekravet er motsegna frå Fylkesmannen trekt 27.11.2019:

	<p>Landbruk</p> <p>2. (MOTSEGN) Som kompensierende tiltak for at dyrkajord blir bygd ned, krev FM at all matjord frå dyrka mark blir nytta til nydyrking på eigna areal til matprodusentar i aktiv drift. Nydyrkinga bør helst skje som utviding av eksisterande teig. Rettleiaren «Jordmassar- frå problem til ressurs» skal leggest til grunn for gjennomføringa. Kommunen v/Jordbrukssjef må godkjenne nye område og plan for gjennomføring med kopi til fylkesmannen. Desse momenta skal inngå i føresegnene.</p> <p>3. Nedbygging av dyrka mark og dyrkbar mark skal rapporterast inn til KOSTRA ved årets slutt etter reguleringsplan er vedteken.</p> <p>Samfunnstryggleik og klimatilpassing</p> <p>4. FM saknar områda som er utsett for 20 års flaum er markert med eiga omsynssone.</p> <p>5. FM saknar ei synleggjering kva flaumnivå brua over Aureelva må tole. Ny bru kan endre kan endre straumningsmønsteret og kan føre til auka flaum- og erosjonsproblem på tilstøytane terreng.</p> <p>6. Idrettshall: Planen stiller kran om at ein i samband med bygging skal «..gjennom avbøtande tiltak mot flaum oppfylle byggtknisk forskrift». Det må kome tydelegare fram kva ein meiner er tilstrekkeleg for å oppfylle krava i byggtknisk forskrift. Tryggleiksklasse for idrettshallen må vurderast.</p>	<p><i>«All matjord som fjernast innanfor planområdet skal nyttast til nydyrking i LNF- område, eller på jordbruksareal som skal reparerast etter skader eller inngrep. Nydyrkinga bør helst skje som utviding av eksisterande teig. Mellomlagring av matjord bør unngåast. Dersom dette ikkje er mogleg skal jorda leverast til lokale godkjente massemttak. Rettleiaren «Jordmassar – frå problem til ressurs» skal leggest til grunn for flytting av matjorda. Før det vert gjeve igangsetjingsløyve for bygg og anlegg på matjord, skal kommunen v/ jordbrukssjefen godkjenne aktuelle nydyringsområde eller område som skal reparerast, samt plan for gjennomføring. Kopi skal sendes til Fylkesmannen.»</i></p> <p>3. Dette er ein del av jordbrukssjefens si rutine i KOSTRA-rapporteringa</p> <p>4. 20 års sona er lagt inn i plankartet og det er knytt føresegnar til denne i § 8.2.</p> <p>5. Sunnfjord Geo Center har gjort tilleggsvurderingar på flaum og erosjon ved å gjere modellering med og utan bru over aureelva. Konklusjonen er at plassering av brufundament i flaumsona ikkje gir endring i vasstand eller utbreiing av flaum. Det blir ei lita auke i strøymehastigheita, men erosjonfaren vil ikkje bli forverra i vesentleg grad. Gangbrua må konstruerast for å tole 200 års flaum og underkant av brua må ligge over kote +10,28. Dette er tatt inn i føresegnene.</p> <p>6. Sunnfjord Geo Center har gjort tilleggsvurderingar og modellering på scenario der terrenget der idrettshallen kan plasserast blir heva og ei heving av gang og sykkelvegen slik at den blir eit flaumvern. Denne nye hydrauliske modellen som er utvikla har og redusert utbreiinga til flaumsona ved BIA vesentleg. Kommunen vurderer at</p>
--	---	---

		idrettshallen har tryggleiksklasse F2 etter byggteknisk forskrift § 7-2, og må difor plasserast eller dimensjonerast slik at det største nominelle sannsynet for flaum ikkje er større enn 1/200.
Statens vegvesen	<ol style="list-style-type: none"> 1. Fortausløysing frå Dalevegen til skuleområdet: Ikkje optimal løysing for mjuke trafikantar. Bør regulerast med separate gang- og sykkelveg skilt frå bilvegen, med trafikkskille mellom gs-veg og køyrebana på bilvegen. Også viktig element i samband med snøbrøyting. Det kan også vurdere eit eige sykkelfelt. 2. Gåande og syklande må krysse Dalevegen i eit område med mykje blanda trafikk. Ein må i planarbeidet vurdere meir konkret og i detalj korleis ein får på plass ei trygg og funksjonell trafikal løysing i kryssområdet. 3. Avkøyring-/kryssløysinga mellom Dalevegen og tilkomstvegen skal ha ei linjeføring -også vertikalt- i samsvar med utformingskrava i vegnormalen. 4. Kyss og køyrløysing knytt til avkøyringa frå Dalevegen: Erfaringar frå andre skuler med tilnærma lik køyreløysing tilsei at born likevel vert henta og sett av ved hovudvegen, sjølv om det ikkje er lagt til rette for det. Ein må i planforslaget vurderer om ein bør regulere ei eiga løysing for levering og henting med privatbil i meir direkte tilknytning til fylkesvegen. 5. Kollektivhaldeplass: Løysinga med at lokale rutebussar skal gå til den regulerte kollektivhaldeplassen sør for Aureelva må avklarast med Frem og Møre og Romsdal fylkeskommune. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Separat g/s-veg eller eige sykkelfelt vil ta for mykje areal. Grunna omsynet til etablert bustad og jordvernet gjer ein eit kompromiss og utvidar fortauet til 3,5 meter for å gjere forholda for gåande/syklende betre. 2. Konkrete tiltak for trygg kryssing av Dalevegen må vurderast godt, det kan vere ein kombinasjon av opphøgd gangfelt, nedsett hastighet, skilting mm. Dette må prosjekterast og avklarast med vegeigar i god tid før skulen skal takast i bruk. Sjå rekkjefølgjekrav § 10.9. 3. Som følgje av at handboka til SVV er revidert midt i reguleringsprosessen, medføre det mindre endringar av vegutforming. Endringane er m.a. breiddeutviding av tilkomstvegen til skulen og endra vertikalkurve. Spøringsanalyse er gjennomført, og tilkomstvegen er i samsvar med dei nye krava. Det har vore dialog med SVV. 4. Vegfagkunnige i Nordplan har uttalt at dei vurderer ein eventuell kyss-og-køyr løysing langs Dalevegen i nord til å vere ei dårlegare trafikktryggingløysing enn den kyss-og-køyr løysinga som er prosjektert på veg ned mot skulen. Innspel om flytting av kyss-og-køyr blir ikkje imøtekomne. 5. Det er allereie eit godt utbygd g/s-veg og fortaussystem frå sentrum og opp forbi skuletomta i nord, samt sør for Aureelva langs kulturaksa/til skulane og idrettsanlegget. Utgangspunktet for trafikkvurderinga til Nordplan, var at barna skulle framleis nytte kollektivtilbodet til og frå skulen. Men at det vart lagt inn ein kollektivhaldeplass ved skulen i fall det ville vere behov for ei skulerute når den tid kjem. Ein slik haldeplass kan og nyttast til

	<p>Kan vere ei løysing og legge til rette for å etablere busshaldeplass i tilknytning til avkøyringa frå fylkesvegen til planområdet. Det er viktig at det blir etablert trafikktrygg gåløysing til og frå skulen for born som evt. går av og på ved FV60.</p> <p>SVV føresett av transport av skuleborn blir å bruke den regulerte kollektivhaldeplassen om ein går for denne løysinga.</p>	<p>bussar i samband med idrettsarrangement/konserter/andre arrangement knytt til skule eller idrett også etter skuletid. Skal barna fraktast med skulebuss, er det berre haldeplass i sør som er aktuell å nytte. Nyttast haldeplassen ikkje til buss, så er den framleis ein del av den vanlege kyss og køyr-løysinga i sør. Kollektivhaldeplass sør for Aureelva blir ikkje endra og består.</p>
NVE	<p>Naturfare</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Rår til ei omformulering av § 8.2 til følgjande ordlyd for å klargjere budskapet: «Flaumfaren innanfor denne omsynssona har større årleg sannsyn enn 1/200. Innanfor omsynssona er det forbod mot tiltak i tryggleiksklasse F2 og F3 (jf. Byggteknisk forskrift § 7-2) før det er gjennomført sikringstiltak slik at tilstrekkeleg tryggleik vert nådd. Tilstrekkeleg tryggleik må dokumenterast av fagkyndige.» 2. NVE meina at kommunen må vurdere konsekvensane av oppfylling og tiltak i flaumsona betre før planvedtak, jf. TEK 17 § 7-1 andre ledd. Dei rår til at rammene og konsekvensane for både heving av grunn for framtidig idrettshall og planlagd bru vert betre utgreidd og fastsett i reguleringsplanen. 3. NVE rår til at Multiconsult sine råd i samband med grunnundersøkingane blir sikra at blir følgt opp i byggesaka. 4. NVE oppmodar om at kommunen sikrar at tre-trinns modellen for overvatn blir gjennomført i praksis 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Justert §8.2 i samsvar med NVE sin formulering. Tilsvarende formulering er lagt inn for 20 års sona (sannsyn 1/20). 2. Sjå punkta 5 og 6 på Fylkesmannen, samt føreseigna §§ 8, 9.1 og 10.4. 3. Tillegg i føresegnene § 4.1: «Dei geotekniske vurderingane til Multiconsult i rapporten «Bakkeøyane sentrumsskule» 14.09.2018 skal bli følgt opp og dokumentert på byggesaksnivå.» 4. Det er lagt inn eit rekkjefølge krav om handtering av overvatn. § 10.8 i føresegnene. 5. § 10.1 er omformulert til også å gjelde utanom anleggsfasen.

	<p>Vassdrag</p> <p>5. NVE er nøgd med at det er satt av areal til kantvegetasjon og at det er fokus på å ta omsyn til elvemusling, men ønskjer at det og er fokus på dei langsiktige konsekvensane for tiltaka. NVE rår til at rekkjefølgjekravet i § 10.1 ikkje berre skal gjelde for anleggsfasen, men vere eit generelt krav om at alle tiltaka i planområdet skal vurderast i høve til konsekvensar for naturmangfald og særskilt elvemusling. Særskilt viktig at handtering av overvatn nær vassdraget ikkje vesentleg endrar avrenning i vassdraget.</p>	
<p>Sigurd Johan Saure (14/12) v/ Advokat Johs. A. Aspehaug</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Det kjem ikkje klart fram kvar avkøyringa til 14/12 sitt resterande areal i vest får tilkomst, men det antas at det kan etablere avkøyringsramper nordfrå. 2. Planen vil skille teigen i 2 mindre deler. Det ønskes at området som blir igjen i vest og aust blir lagt ut til bustadformål, gjerne med høg utnyttingsgrad. Landbruksinteressene blir ikkje nemneverdig skadelidande om areal som ikkje nyttast til bustad blir lagt ut til bustadformål. Landbruksdrifta vil heller kunne kome i konflikt med aktivitetane skulebygninga representerer. I åra framover kan ein forvente ytterlegare etterspurnad etter sentrumsnære, sydvente bustadtomter i Sykkylven. 3. Skillinga av området i 2 mindre deler vil føre til svært uhensiktsmessig drift 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Det blir lagt inn avkøyringsleier for å sikre landbruksavkøyring til vestre del av 14/12 og til 14/15. 2. Ei føresetnad for at motsegna til Fylkesmannen vart trekt i samband med kommunedelplanen 2010 var at ein tok omsyn til jordvernet og landbruksdrift i nærleiken i planprosessen. I planprosessen har dette fokuset gjort at ein at forsøkt å fått til ein kompakt skuleområde som ikkje tar meir areal enn det som er naudsynt/krav. Om ein i same prosessen skal tillate ein nedbygging av resterande landbruksareal på 14/12 til bustader, så meina og trur kommunen at føresetnadane for å etablere skule på området ikkje er oppfylt. Noko som vil føre til motsegn til reguleringsplanforslaget. Område for bustadformål blir ikkje tatt inn i planen. 3. Bygningsmassen på skuletomta er plassert så langt mot nord og inn i terrenget som mogleg for å frigje areal til både landbruk og uteareal til skulen. Ein har ikkje tatt meir areal til skule og uteområde enn ein meina trengs. Dette har ført til at det også blir

	<p>4. Løysning for adkomst (til landbruksareal) er ikkje akseptabel. Adkomst gjennom eit område som barn og unge skal ferdes store deler av døgnet er ein uakseptabel risiko. Trafikk knytt til drift og dyrking av området vil være intensivt i periodar knytt til slått og gjødsling med større landbruksmaskiner, i tillegg vil det medføre støy. Det må etablerast ein adkomstvei, som ikkje samtidig er ein gangveg inn til område, aust for skulebygningane. Denne kan plasserast på nordsida av skulebygningane og bør vere brei nok til å nyttast som tilkomstveg for bustadar.</p>	<p>eit landbruksområde aust for skuletomta på 14/12. Kommunen har forståelse for at det er meir hensiktsmessig å drifte ein større teig enn to mindre.</p> <p>4. Ved høyring la planforslaget opp til ei løysing der ein skulle nytte skuleområde for å få tilkomst til gnr.14 bnr.12 sitt areal i vest. Denne løysinga har ein no gått bort ifrå, etter merknader frå grunneigar, drivar og bondelaget. Ein legg i staden opp til at det kan byggast ein traktorveg/landbruksveg i nordaust som blir knytt til eksisterande landbruksavkøyrsløp frå Dalevegen, om det ikkje føreligg ein tilfredsstillande alternativ tilkomst for å drifte dette landbruksarealet. Denne vil ha standarden «veiklasse 8 – enkel traktorveg». Som ein konsekvens av denne traktorvegen (og endringar i flaumsona) så vart skuleområdet BU redusert i størrelse. BU er difor utvida noko austover for å ha nok areal til skulen og uteområde.</p>
Sykkylven Idrottslag	<p>1. Idrettslaget deler synet om behovet for parkering ved «kulturaksen».</p> <p>2. Dei meina planen knyt i hop området med gangavstand til dei aller fleste tilboda.</p> <p>3. I det vidare planarbeidet ønskjer dei at så mykje areal som mogleg av grusbanetomta blir behalde slik det er i dag. Dette for maksimal utnytting til ulike idretts- og kulturformål fram i tid.</p> <p>4. Dei håper at det blir tatt omsyn så det ikkje blir konflikt mellom gang og sykkelveg på sørsida av aureelva og eit evt. framtidig idrettsbygg.</p>	<p>1. Takast til vitande</p> <p>2. Takast til vitande</p> <p>3. Om løysinga med parkering og bussløyfe blir ståande som i planforslaget så blir dette å ta ein del av arealet til grusbana. Det vil likevel vere areal nok til ein hall slik idrettslaget ønskjer. Dette er avklart i møter med idrettslaget.</p> <p>4. Det er satt av areal til gang- og sykkelvegen og det er lagt inn ei byggegrense for å sikre ein avstand frå elvekanten og gang- og sykkelvegen.</p>
Ole Asbjørnsen (14/15)	<p>1. Asbjørnsen leigeavtale angående bruk av 14/12. Arealet blir brukt til grasproduksjon. Han forventar at det blir tatt omsyn til at drift av Knutgarden i den</p>	<p>1. I planforslaget er det forsøkt å ta omsyn til jordvern og landbruksdrift ved å kun sette av areal som er naudsynt og krav om til skuleformålet.</p>

	<p>vidare planlegginga av sentrumsskulen og infrastruktur i området.</p> <ol style="list-style-type: none"> 2. Tilkomsten nordfrå er lagt inn på Asbjørnsen sin eigedom på 14/15. Han krev at eigedomen vert tatt ut av planen. 3. Tilkomsten til areal aust for skulen via ein gangveg med restriksjonar på innkøyringstidspunkt er verken ei trygg eller god løysing. 4. Det må vere ein plan der matjord som vert berørt vert direkte ført tilbake til nærliggande landbruksareal. 	<ol style="list-style-type: none"> 2. Arealet er med i området som er meldt oppstart på, og omfattar berre ein liten del av eigedomen 14/15 (ca 800 m²). Det går traktorveg og tilkomst til bustad her i dag, så trekant-arealet er i stor grad allereie nytta til tilkomst. Kommunen held på at tilkomsten til skuleområdet framleis skal gå her. 3. Sjå punkt 4 på Sigurd Johan Saure 4. Sjå Fylkesmannen punkt 2
ÅRIM	<ol style="list-style-type: none"> 1. I medhald av § 13 I forskrift om hushaldsavfall og slam pliktar alle som foreslår ein reguleringsplan i regionen å utarbeide ein renovasjonsteknisk plan for område planforslaget omfattar. 2. Det er eit auka fokus på nedgrave renovasjon som er hygienisk, frigjer areal og er effektive å tomme. ÅRIM oppmodar om å jobbe godt med sorteringsløysinga innandørs 3. ÅRIM kan kontaktast for rådgjeving om avfallsløysingar og renovasjonsteknisk plan. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Det skal i byggesaka ligge ved ein renovasjonsteknisk plan. 2. Takast til vitande 3. Takast til vitande
Mattilsynet	<ol style="list-style-type: none"> 1. Mattilsynet forventar at kravet om trygt og tilstrekkeleg drikkevatn blir ivareteke 2. Kartlegg om der finst private vassforsyning i området. Eksisterande drikkevasskjelder med tilhøyrande nedbørsfelt og vassleidningsnett må i størst mogleg grad vernast mot forureining for å unngå forverring av vasskvaliteten. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Kommunal vassleidning ligg langs Dalevegen og sikrar trygt og tilstrekkeleg drikkevatn. 2. Det er ikkje kjent at det er nokon privat vassforsyning i planområdet.

<p>Sykkylven bondelag v/leiar Peder Vik Stave</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Viktig at landbruke sine interesser vert ivaretatt i reguleringsprosessen. Bør vere ein plan om korleis matjorda som vert til overs skal nyttast slik at den ikkje berre blir lagt i deponi. 2. Leggast til rette for at tilstøytane jord til skulearealet kan driftast effektivt, med tanke på arrondering, tilkomst og liknande. 3. I § 5.3 står det at det er tillat med traktorkøyring gjennom regulert gatetun for å komme til landbruksareal aust for BU. Dette stiller bondelaget seg undrande til om er ei god løysing. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Sjå Fylkesmannen punkt 2. 2. Det er lagt til rette for tilkomst for landbruksareala rundt skuleområdet. 3. Sjå Sigurd Johan Saure punkt 4
<p>Nærings- og utviklingsutvalet Protokolltilførsel</p>	<p>Protokolltilførsel: Nærings- og utviklingsutvalet er uroa for om der er nok parkeringsplassar ved sentrumsskulen.</p>	<p>I NU sitt vedtak om å legge planforslag ut til høyring, hadde dei ein protokolltilførsel at NU var uroa om det er nok parkeringsplassar ved skulen.</p> <p>Planforslaget legg opp til 2 parkeringsplassar nord i planområdet der det er lagt opp til mellom 50-60 parkeringsplassar. Sør for Aureelva er det regulert ein parkeringsplass med 75 plassar. Desse skal dekke besøk- og tilsetteparkering for skulen. På ettermiddag- og kveldstid er desse tilgjengelege for andre aktivitetar på skuleområdet. Det er vurdert at talet på parkeringsplassar er tilfredsstillande for vanlege situasjonar. For parkeringstoppane på større arrangementet gjennom året vil det vere tilgjengeleg fleire parkeringsplassar langs kulturaksen. Innanfor planområdet og langs kulturaksen er det omtrent 350 parkeringsplassar.</p> <p>Om politikarane likevel ønskjer fleire parkeringsplassar knytt til skuleområdet, kan ei utviding av parkeringsplass o_P2 i sørvestleg retning vere eit alternativ.</p>